

Kommunal- og regionaldepartementet,  
Kommunalavdelingen,  
Postboks 8112 Dep,

0032 OSLO

Fråsegn til Forvaltningsreforma (regionalmeldinga)

Vik kommune viser til

- Fråsegn frå Vik kommune til NTP
- Fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune kva gjeld forvaltningsreforma
- Fråsegn frå Fjordvegen til NTP – der m.a stamvegar er teke inn.

Forvaltningsreforma er ei stor og viktig sak. I det etterfylgjande vil me peika på det for oss, aller viktigaste å få på plass; stabil heilårsveg mellom Vik og Voss (mellom Sogneregionen og Vossaregionen)

I framlegget til regional inndeling, er også omhandla oppgåver for Samferdselsdepartementet sitt område – kapittel 4, side 7 og 43. Der går det fram at øvrige riksvegar skal overtakast av det regionale nivået. Riksveg 13 Vinje-Vik er i dag øvrig riksveg.

Fylkeskommunen ser positivt på overtakinga, men har ein klår føresetnad om at det må fylgja midlar med.

Det viktigaste er sjølvsagt at heilårssambandet vert bygd snarast. Då kan det vera god grunn til å vurdera dette sambandet som stamveg. Stamvegen går i dag ved Vinje. Med stamveg Vinje-Vik-Hella-Sogndal-Vadheim, vil ein binda stamvegsambanda i Hordaland/Sogn og Fjordane på ein naturleg måte. Me viser her spesielt til IS Fjordvegen si fråsegn.

Vonar at sentrale styresmakter no er med og løyser dette viktige vegsambandet for oss alle.

Helsing

Marta Finden Halset  
Ordførar

6891 Vik i Sogn  
57698261/90592566  
mafh@vik.kommune.no